



## Kyrkjelydane i Bjørgvin

Dato: 09.11.2015

Vår ref: 15/143 - 68 JZM (15/41662)

Dykkar ref:

## Kyrkja i møte med flyktningane

Flyktningkrisa utfordrar oss alle. Framande menneske på flukt kjem til oss. No vert våre grunnleggjande verdiar sette på prøve.

Dette er ikkje ukjent for oss med ein kristen arv. På veg mot julehøgtida vert vi minna om den heilage familien som i ein kritisk situasjon ikkje fann husrom nokon stad. Seinare møter vi dei på flukt med den nyfødde, og høyrer korleis dei etter ei farefull ferd må slå seg ned i eit framandt land.

Det vi no opplever ligg tett på sentrum i den kristne trua. Difor må vi stå opp som kristne, og i ord og handling vise miskunn, kjærleik og gjestmilde i møte dei som er drivne på flukt.

Dette utfordrar oss på mange plan. Organisasjonar som Kirkens Nødhjelp, som arbeider i flyktningane sine nærområde og langs fluktrutene, treng vår støtte. Ved å gje pengar kan vi såleis hjelpe flyktningane før dei kjem til landet vårt.

Her heime kan vi vere med på å skape politiske grunnlag for den nasjonale flyktningdugnaden som no må til. Eit særleg kall har vi til å sjå til at kostnadane ved flyktningdugnaden ikkje råkar dei fattigaste, som treng all den bistanden og hjelpa dei kan få gjennom dei dei kristne og humanitære hjelpeorganisasjonane. Dette inneberer og at vi er viljuge til å gje avkall på noko av eigen velstand, når dette må til for å hjelpe andre. I denne opinionsdanninga skal vi ikkje dekke til dei utfordringane ei stor og plutseleg innvandring vil medføre. Men grunnhaldninga vår må vere at vi ønskjer flyktningane velkomne, med det som dette både krev og gjev.

I møte med dei flyktningane som kjem til lokalsamfunna våre, kan vi alle vere med og hjelpe. Gjennom flyktningtenesta kan vi få vite kva som mest aktuelt der vi bur. Oftast er det trond for friviljuge kontaktpersonar, som kan hjelpe flyktningane å finne seg til rette i ein framand kultur. Der det no kjem store mottak, er det trond for at flyktningane kan få kome ut og møte menneske i lokalsamfunnet. Mange vil setje stor pris på å vitje norske heimar. Nokre stader treng kommunen hjelp for å finne bustader.


Over alt er det trond for møtestader, der flyktningane kan få medmenneskeleg kontakt, og bli kjende med lokalsamfunnet. Dei som strevar med å lære norsk, treng arenaer der dei kan få øve seg i å bruke det nye språket sitt. Særleg der det er mottak for einslege mindreårige, er det mangel på verjer og fosterheimar. Mange kyrkjelydar er alt godt i gang med desse utfordringane på ulik vis, og det er vi svært takksame for. Nokre stader vil dette vere så stort og krevjande at andre oppgåver må leggjast til side.

Dei fleste av flyktningane kjem frå samfunn der religion spelar ei langt større og tydelegare rolle enn hos oss. Som kristne veit vi kva det er å vere truande. Slik har vi ein særskilt kompetanse og ansvar for å møte flyktningane også som religiøse menneske. Mange er kristne. Desse kan vi gje eit kristent fellesskap som kryssar både språk- og kulturgrenser. Dei fleste flyktningane tilhørar andre religionar. Desse må vi møte med kristen integritet og openheit. I samråd med flyktningtenesta kan vi gje innsikt i kva rolle religion spelar i det norske samfunn, og korleis dei kan praktisere religionen i Norge. I kyrkjene våre vil vi også be for flyktningane, og om rettferd og fred i land dei rømer frå.

I ord og gjerning kan vi vere med på å gje medmenneske i ein svært krevjande situasjon framtid og håp. Slik får vi også høve til å oppleve rikdomen i det menneskelege fellesskapet, og det gode og verdfulle som dei som kjem kan tilføre både den einskilde og samfunnet. Som Skrifta seier: «Gløym ikkje å vere gjestfrie, for på den måten har somme hatt englar på besøk utan å vite det.» (Hebr. 13.2)

Med ønske om Guds rike signing sender eg dykk mi helsing!

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Halvor Nordhaug".

Halvor Nordhaug  
biskop